

# Fiskar bokstavar i barnehagen



I *Bokstavsommaren* hentar Styrk bokstavskattar opp frå havet til veslesyster Zara. Det er utgangspunktet for 29 tekstar med tilhøyrande opplegg for bokstavutforsking i barnehagen.

AV: GUDRUN KLØVE JUUHL OG SVEIN OLAV LANGÅKER, ILLUSTRASJON: INGER LISE BELSVIK



Gjennom ein heil sommar er Zara og Styrk i lag ved sjøen. Storebror Styrk snorklar, og finn ein ny skatt kvar dag, som ålekva, o-skelj og flyndre.

Det finst ein tekst for kvar bokstav, slik at ein kan velja sjølv kor mange eller få bokstavar ein arbeider med.

— Ungar i barnehagen skal verta kjende med bokstavane, det står i rammeplanen, seier Trude Hoel ved Lesesenteret. Men det har mangla gode bøker og ressursar som gjer dette på barnehagen

sine premisser. Det vert selt mykje ressursar og småbøker frå pedagogiske forlag, men desse byggjer så veldig på skulen sine tankar om bokstavopp-læring. Derfor byrja me å pønska, og saman med Nynorsksenteret fann me ut at me kontaktar ein forfattar og lagar noko sjølv, på nynorsk.

Forfattaren er Erna Osland. Frå før

har ho mellom anna skrive fagbøker for barn om alt som lever under steinar til bruer og om korleis dyr og menneske søv.

## Høgtlesing

Rådgjevar Liv Kristin Bjørlykke Øvereng ved Nynorsksenteret fortel meir om kva ressursen *Bokstavsommaren* inneheld:

— Det er 29 tekstar, ein til kvar bokstav i alfabetet, og alle tekstane er illustrerte av Inger Lise Belsvik. Alt kjem til å liggja fritt tilgjengeleg på Internett. Det kjem også til å vera ein pedagogisk ressurs til kvar tekst som skal vera ei hjelp for personalet, med framlegg til leik og aktivitetar med bokstavar.

Forteljingane er tenkt brukt i ein høgtlesingssituasjon med samtale.

— Ein les forteljinga i lag med borna og samtalar om bokstav og bokstavlyd og om innhaldet i teksten. Ei av forteljingane handlar om flyndra, F-teksten, der kan det også kome fram at dette er «bokstaven» til Fredrik i barnegruppa eller til farfar.

Då kan ein finna og samtala om bokstavar i eige namn. Ein kan òg

finna ord som byrjar på F, og laga desse tinga i ulikt materiale.

## Ressurspakke

Det kjem dessutan til å vera ein biletbank, med bilete av ulike artar som vert nemnde i teksten. Dette er tenkt som ein ressursbase, der det kjem til nye ting etter kvart.

*Kvifor er det eit poeng å bruka nynorske tekstar når ein arbeider med bokstavane i barnehagen?*

— Alle barn i Noreg skal møta det språklege mangfaldet med nynorsk og bokmål, så *Bokstavsommaren* passar for alle. Barnehageungar som skal ha nynorsk som hovudmål, møter ofte lite nynorsk før dei byrjar på skulen, så for dei er det ekstra viktig at barnehagen let dei møta gode tekstar på nynorsk, seier Øvereng.

Tekstane ligg tilgjengelege på nett og kan skrivast ut og eventuelt laminerast i barnehagen. *Bokstavsommaren* vil også koma i trykt utgåve, men det er ikkje klart kva form dette vil ha. Sjå meir her: [nynorsksenteret.no/bokstavsommaren](http://nynorsksenteret.no/bokstavsommaren)

# Med sans for språk

Gründer Heidi Aabrekk meiner utviklinga til dei minste har vore undervurdert i pedagogikken. Med Bravo-leken vil ho førebyggje lese- og skrivevanskar før borna er tre år med sanseopplevingar.



for deg som jobbar med barn

facebook/pirion @avisapirion

www.pirion.no

# Kultur, språk og litteratur

Faste spalter:

BOKPRAT | MIN BARNEHAGE | LES FOR MEG | AKTUELT

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvitne brukarar og formidlarar av språk, kultur og identitet?

**PiRion**

Tips oss på [pirion@pirion.no](mailto:pirion@pirion.no) Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og [www.pirion.no](http://www.pirion.no)





## – EITTÅRINGANE ER NØKKELEN

**Gründer Heidi Aabrekk meiner utviklinga til dei minste har vore undervurdert i pedagogikken. Med Bravo-leken vil ho førebyggje lese- og skrivevanskar før borna er tre år.**

AV: ANDREA RYGG NØTTVEIT

– Det er eit for stort gap mellom den kunnskapen me har og den pedagogiske praksisen. Me har denne sanninga om: La barn vere barn. Men ein gjer ungane ei bjørneteneste og dei kan ende opp med å gå glipp av viktige sansestimuleringar, seier Heidi Aabrekk til Framtida.no.

### Nominert til Årets Gründer

Spesialpedagogen har utvikla Bravo-leken, som er språk og sansestimulering for barn i alderen 0-3 år. Målet er tidleg førebygging av lese- og skrivevanskar gjennom fysisk lek og sansestrykk. Lek med bokstavar, ord og aktivitetar skal stimulere både språk og motorikk.

Med bedrifta Intempo vann Heidi Aabrekk kåringa av Årets

Gründer i regi av Framtidsfylket Sogn og Fjordane.

Bedrifta hennar har tel i dag tre tilsette og hovudkontor på Sandane.

I 2012 vart verksemda teken opp i FERD Sosiale Entreprenører, som støttar utvalde prosjekt der dei sosiale resultatane er viktigast.

Intempo auka med 47 prosent i fjor og omset for om lag ein million i året, men er framleis avhengig av støtte.

### Sonen Simen

Inspirasjonen til produktet fekk ho frå utanlandske fagmiljø som set hjerneutviklinga i fokus, då ho sjølv fekk ein hjerneskada son i 2004.

Prognosane for utviklinga til sonen Simen var dårlege. Etter eit år fekk dei høyre om eit treningsopplegg som fokuserte på ernæ-

ring, motorikk, sansestimulering, tryggleik og kognitiv utvikling. Det var denne treninga som gav Simen fantastisk utbytte – og mor inspirasjon.

– Simen var blind, men fekk synet tilbake via sansestimulering. Han lærte å lese då han var 2,5 år, og i dag kan han notat og komponerer musikk. Då eg såg kva denne treninga gjorde for Simen, tenkte eg at dette må fleire få vite, seier Aabrekk til Framtidsfylket.no

Ho forankra dei nye ideane i nyare norsk hjerneforskning og tradisjonell pedagogikk.

### – Kan ikkje halde på slik

Ifølgje Aabrekk har ikkje den pedagogiske tradisjonen vore klar over kor stor utviklinga har vore i aldersgruppa opp til tre år. No har norske hjerneforskarar



Å la ungane kjenne på ei flaske varmt vatn kan hjelpe når ein lærer ordet varm. Foto: Intempo

Heidi Aabrekk (t.v.) får gode tilbakemeldingar av både born og vaksne som nyttar Bravo-leken. Foto: Øystein Frøyland

gjeve dei som jobbar med denne gruppa eit nytt mandat. Der det tidlegare har handla om å la barn utvikle seg i sitt eige tempo, kan dei no leggje til rette for det, lenge før borna byrjar på skulen.

– Tjue prosent av alle barn har lese- og skrivevanskar, som gjerne ikkje vert oppdaga før i fjerde-femteklasse. Det er aldri for seint å lære, men fokuset i Noreg har vore på å handtere lese- og skrivevanskar framfor å førebyggje dei. Me kan ikkje halde på slik, konkluderer Aabrekk, og slår fast:

– Eittåringane er nøkkelen. Med førebygging kan me aldri vete kven som har behov for det, men alle barn kan ha nytte av det. Det er ei investering i barnas framtid.

### Nordisk satsing

Kring 200 norske barnehagar har teke i bruk Bravo-leken, og i desse dagar arbeider selskapet Intempo med å lansere produktet

på den danske marknaden. I tillegg er det pedagogiske leikeverktøyet er òg omsett til tre samiske språk.

Oppsedinga av 0-3-åringane bør vere eit tett og godt samarbeid mellom foreldre, barnehage og helsestasjon, meiner spesialpedagogen, som vonar at læreopplegget hennar òg vert teken i bruk av foreldre som er heime i permisjon med borna.

Aabrekk meiner dessutan at assistentar som arbeider i barnehage har ei unik moglegheit til å bidra til barns hjerneutvikling, og pensum for barnehageassistentar vidaregåande difor i stor grad burde handle om hjernen og mogleheitane som ligg der.

– Forsking viser at nettverket i hjernen vert forma dei første to-tre leveåra. Jo, fleire sanseinntrykk borna har fått som små, jo betre utvikle er områda i hjernen 20 år etter, avsluttar ho.

## LØYNDE TING. DIKT FOR BORN

Kva seier musa? Kvifor er snigelen våt? Finst det flyplassar for fuglar? Små og store ting, dyr og planter har sine løyndomar. Menneske har også det. Den fine boka Løynde ting hjelper lesaren å skjerpa sansane; som ein hjort som lyttar eller ein fårehund med hjernen sin i potane. Boka av den prislønna skotske barnebokforfattaren er full av undring av små og store ting i kvardagen. Kanskje lærer me då å ta betre vare på verda og kvarandre?

Dikta kan passa godt til høgtlesing for små og store menneske frå fire år og minst til hundre. Boka er varmt tilrådd!

MELDT AV: Svein Olav B. Langåker



Kenneth Steven  
I utval og gjendikting av  
Per Olav Kaldestad  
Nordsjøforlaget 2014

## TO HUNDRE OG SEKSTINI DAGAR

Den siste boka frå Roald Kaldestad er ei nydeleg og litt trist forteljing om venskap. Om det å oppleve at bestevennen flytter, om historia dei har hatt i lag og om saknet og lengta og om regn. Masse regn. Og eit nytt håp.

«To hundre og sekstini dagar med regn. Han ser lauvet falla som kalenderark frå trea. To hundre og sekstini dagar. Og kvar gong det regnar, saknar han sin beste ven.»

Biletboka er vakkert illustrert der gråblått og raudt er hovudfargar. Det er fine raude lauv og uttrykksfulle andlet. Sjølv om teksten fortel om nyansar av grøne fargar synest eg ein-skilde av illustrasjonane er i overkant mørke og dystre.

Han drøymmer om ho der dei sprang over slettene. Om jojoen dei grov ned. Det har regna i lang tid, og Kaldestad skriv om ulike typar regn: vårregn, yr, duskregn og høljeregnet. Slik som kjenslene våre varierer, endrar òg været seg. Ein dag tek regnet slutt, og melankolien endar. Ei ny jente flyttar inn i nabohuset. Kanskje han får ein ny bestevenn?

Dette er nok ei historie som fleire barn kan kjenna seg att.

Biletboka kan passa godt til høgtlesing for barn frå fire-fem år.

Meldt av: Camilla Ruhs



Roald Kaldestad (tekst) og  
Bjørn Rune Lie (illustrasjon)  
Magikon forlag 2014